



Atle Nordanger
Nordbøvegen 34
5937 BØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2021 - 18/5333

Saksbehandlar:
Jill Kristin Grindheim Bøe
jill-kristin.boe@radoy.kommune.no

Dato:
06.04.2018

Referat frå møtet i foreldreutvalet (FAU) 03.04.18

Desse møtte: Atle Nordanger, Egil Aase, Ina Jeanette V. Sævdal, Elisabeth Vågenes (vara for Mette Kvalheim), Mona Linn Soltveit, Siril Therese Sylta og Ståle Villanger(reaktor). Fråfall: Øystein Palmesen.

1. Orientering frå 17.mai- komitèen v/ Gro Håland og Eirin Misje.
2. Mobbeundersøkinga Spekter- rektor informerte om resultatane, evaluering og arbeidet vidare.
 - a) Generelt positive resultat. Dei alle fleste gjer uttrykk for at dei har det bra på skulen.
 - b) Nokre har opplevd negative hendingar på sosiale medium. Rektor informerte om at nettmobbing er eit aukande problem generelt. Skulen jobbar kontinuerleg med dette, har bl.a. sendt heim skriv om nettvett og me jobbar med dette i kvar enkelt klasse. I konkrete saker, tek me det opp med dei det gjeld, samt med eleven sine føresette. Rektor poengterte at heimane har det største ansvaret her. Følg med, og ver gode førebilete!
 - c) Ein del elevar svarar at dei opplever uro i timane. Skulen har hatt dette oppe til diskusjon. Korleis jobbe med å skape ro i timane. Dei vaksne må vere autoritetar og tydeleg allereie frå 1.trinn og jobbe kontinuerleg og systematisk med å skape god arbeidsro i timane. Tydeleg handheving av reglement er viktig. Tett og tidleg dialog med heimane er viktig. Det må vere aksept frå heimane på at me må kunne stille krav til elevane.
3. Elevundersøkinga- rektor informerte om resultatane, evaluering og arbeidet vidare.
 - a) Informasjon om sjølve undersøkinga; 5.-7.trinn, 27 elevar har svart. Då dette er ei lita gruppe, må signifikansen til marginale endringar vegast opp mot dette. Kvar einskild elev utgjer ein relativ stor prosentdel av sluttresultata.
 - b) Rektor gjekk igjennom alle spørsmåla og resultatane på kvart einskild spørsmål.
 - c) Me har gode resultat, med mange positive indikatorar. Det ser ut til at me har lukkast med å skape eit trygt læringsmiljø med nulltoleranse mot krenkingar og kor elevane trivst. Dette området vil uansett krevje kontinuerleg fokus og ein er aldri i mål, sjølv med gode resultat.
 - d) På enkelte område, har me relativ lav score; medverknad og fysiske tilhøve som toalett, garderobe, temperatur i klasseromma. Dette tek me på alvor og vil jobbe vidare med.

4. Diverse:

a) Innspel frå FAU: Like reglar for alle vaktar i friminutta.

Svar: Regelverk er under revisjon og nytt og tydelegare regelverk kan hjelpe her. Men som generelt svar, kan det seiast at alle elevane skal bli behandla likt når det gjeld reglar i friminutta.

b) Innspel frå FAU: Gjennomføring karneval. Kvifor ha premiering? Dei same som ofte vinn. Redd masker. Urettferdigheit.

Svar: Me har utvida vinnar- kategoriane (bl.a. "mest økonomiske"). Så vidt rektor har fått med seg, har det vore ulike vinnarar dei siste åra. Rektor tek uansett dette opp til diskusjon med personalet.

c) Innspel frå FAU: Ikkje utlevering av julegåver på skulen, då dette skjedde til jul sist. Sårande for dei som ikkje får.

Svar: Pakkeutlevering skal ikkje skje i skuletida. Dette må alle heimar respektere. Bursdagsinvitasjonar; "Alle eller ingen- prinsippet".

d) Anna frå rektor:

- Gapahuk. Har FAU landa på noko her? Laber interesse blant foreldra. Vil ein gapauk ekskludere/ stenge ute enkelte elevar? Treng ein som er "prosjektansvarleg". HMS? FAU landa på at ein ikkje ynskjer dette.
- Slå av motoren når ein står å ventar på skulebussen. Andre elevar står i busskuret og får mykje eksos i seg. Dette har vore oppe fleire gongar tidlegare, og no må dette ta slutt.
- På sist møte blei det etterspurd fliser på bakken rundt Tarzan- jungelen, pga HMS. Dette er no på plass.

Med helsing

Ståle Villanger
rektor Hordabø skule

Jill Kristin Grindheim Bøe
sekretær Hordabø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Atle Nordanger	Nordbøvegen 34	5937	BØVÅGEN
Egil Aase	Rossnesvegen 21	5937	BØVÅGEN
Elisabeth Skårnes Vågenes	Hålandsvegen 91	5936	MANGER
Ina Jeanette Namtvedt	Bøtjørnvegen 20	5937	BØVÅGEN
Mette Kvalheim	Marøyvegen 357	5937	BØVÅGEN
Mona Linn Soltveit	Rossnesvegen 17	5937	BØVÅGEN
Siril Therese Sylta	Bøtjørnvegen 90	5937	BØVÅGEN

Mottakarar:
Øystein Palmesen

Bøtjørnvegen 88

5937

BØVÅGEN